# Eit liberalt Lærdal

Venstre set folk fyrst. Med det meiner me at born skal ha trygge oppvekstvilkår og gode læringsmiljø. At ein har tilgang til arbeid, meiningsfulle aktivitetar og sosiale møtestader. Venstre har tru på einskildindividet si skaparkraft og sosiale medvit

### Kunnskap og like vilkår

Venstre meiner at oppvekst under ei leiing vil gje dei beste vilkår for like tilbod om kunnskap og læring.

### Lærdal kommune - tenesteytaren

Venstre meiner at nøgde og trygge tilsette gjev gode tenester.

### Varm velferd når du har trong for det

Venstre meiner at gode og trygge tenester gjennom heile livet skaper trygge lokalsamfunn og byggjer merkevara Lærdal.

### Eit kreativt og verdiskapande Lærdal

Venstre vil at kommunen skal vera ein god støttespelar for private etableringar.



## Venstre sine kandidatar i Lærdal



1. **Marianne Øren** (50)
Jordmor
Ordførarkandidat og 4. kandidat til Venstre på fylkestinget.
Mobil:90636549
m.oren@lardalsnett.no



2. **Per Åke Evjestad** (37)
Kunderådgjevar bank
Mobil:41748768
per_ake_evjestad@hotmail.com



3. **Astrid Grøndal Trulssen** (54)
Kundehandsamar butikk
Mobil:99714392
astrid.grondal.trulssen@gmail.com



4. **Olav Grøttebø** (42)
Senioringeniør vasskraft
Mobil: 91559672
og@ostfoldenergi.no

5. **Linda Hillestad Johansen** (26), hjelpepleiar
6. **Frode Myklebust** (51), kommunelege
7. **Lisbeth Skjulhaug** (50), hjelpepleiar
8. **Frantz Kristian Henriksen** (62), pensjonert vaktmeistar
9. **Ingeborg Teigen** (63), pensjonert bibliotekar
10. **Eivind Myklebust Øren** (19), student.
11. **Torbjørn Skjulhaug** (74), pensjonert overmontør

Foto:

**www.laerdal.venstre.no**




# Eit liberalt Lærdal

**«Menneska er viktigare enn systemet. Venstre prioriterar folk fyrst.»**

**Marianne Øren**
Venstre sin ordførarkandidat i Lærdal

venstre

# Lærdal kommune - tenesteytaren

Kommunen skal gje innbyggjarane gode tenester gjennom nøgde og kompetente tilsette. Den viktigaste resurssen i Lærdal kommune er dei tilsette, ikkje maskiner og bygningar. Tilsette og politkarar har ansvar for at kommunen er ein god arbeidsplass gjennom samarbeid tufta på respekt og god kommunikasjon, der alle har ansvar for å finne løysingar til det beste for dei tilsette. Dette gjev gode tenester til innbyggjarane gjennom heile livet. Komunnen må utvikle det regionale samarbeidet til å omfatte meir enn barnevern, landbruk og økonomi.

**Venstre vil:**

- At alle tilsette i kommunen skal få auka tilbod om å heve kompetansen sin gjennom kurs og etterutdanning.
- Alle leiarar med personal eller økonomiansvar skal få fagleg påfyll der det er behov for det.
- Lærdal kommune skal ha sunn økomisk drift med overskot kvart år som kan brukast til investeringar.
- Medarbeidar- og brukarundersøkingar skal vera styrande for kommunen sin kvalitetsplanlegging.
- Gjenoprette politiske fagutval.

# Kunnskap og like vilkår

Skulen sine mest viktige oppgåver er å gje den einskilde elev eit best mogleg kunnskapsnivå, god grunnleggande kunnskap og tru på eigne evner.

**Venstre vil:**

- Opprette oppvekst som ei eining med ein oppvekstleiar som har personal og økonomiansvar for skulane og barnehagane.
- At ein vel fritt kor ein vil nytta det pedagogiske tilbodet i kommunen. Venstre vil likevel samla ungdomstrinnet.
- At skulane framleis skal vera viktige samlingspunkt i grendene.




# Arbeid i Lærdal - regional utvikling

Lærdal kommune skal vera ein samarbeidspartnar for næringsutvikling i heile Lærdal og Indre Sogn. Landbruk, reiseliv og tenesteyting er område som kan vidareutviklast i Lærdal. Det er viktig å behalde kompetansearbeidsplasar innan helse til det beste for innbyggjarar i regionen.
Lærdal må delta på dei ulike arenaer for regional utvikling i Indre Sogn. I tillegg til arbeidsplassar, gode skular og barnehagar må Lærdal tilby attraktive bustader og sosiale møteplassar for sine innbyggjarar og tilflyttarar.

**Venstre vil:**

- Etablere distriktsmedisinsk senter og felles legevaktsentral på Lærdal sjukehus i samarbeid med kommunane i Indre Sogn.
- Drive næringsutvikling med fokus på heilårsarbeidsplassar
- Gjere lokalproduserte produkt lettare tilgjengeleg for forbrukaren.
- Vidareutvikle næringsplan som gjer det akttraktivt for bedriftsutvikling og nyetablering.

# Bu i Lærdal

Lærdal kommune skal vera ein god stad å bu gjennom heile livet. Venstre vil legge tilrette for busetnad i heile dalen for alle aldersgrupper. Ein skal føle seg trygg i heimen og i lokalmiljøet. Ein skal tilgang til meiningsfulle aktivitetar, sosiale møtelassar og gode tenester gjennom heile livet. Dette skal vera merkevara til Lærdal.

**Venstre vil:**

- Utvikle det nye kulturhuset til ein sosial møtelass for alle generasjonar i heile bygdi, heile året.
- Utvikle seniorbustader i alle bustadfelt.
- "Heim att for ein 50-lapp" skal gjelde for alle.
- Ha fokus på trafikktryggleik.
- Innføre ordningar for stønad til etablering.

